



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtid!

Til Helse Bergen

Att: Direktør Eivind Hansen

postmottak@helse-bergen.no

Kopi: Ordførarane i Hardanger

Kinsarvik 16.03.2017

Særutskrift frå Hardanger Ungdomsrådsmøte 09.03.2017 i Eidfjord

«Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjev denne uttalen og sender brev til både Helse Bergen og Helse Fonna der ein ber om eit møte med dei. Hardanger Ungdomsråd ber også om at dei gjer greie for korleis dei tenkjer at utfallet skal vera.

Uttale om Ambulanse og responstid frå Hardanger Ungdomsråd:

Me vil føla oss trygge.

Hardanger Ungdomsråd er uroa på vegne av Hardanger og distriktsnorge når det gjeld omstrukturering av ambulanse og kva det gjer med responstid. Hardanger Ungdomsråd representerar dei 7 Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Det er store avstandar i regionen vår. Eksempelvis er det er 70 km frå Odda til Haukeli, 100 km frå Voss til Halne, 90 km frå Mundheim til Bergen og 80 km frå Norheimsund til Voss. I retningslinjene står det at responstida skal vera under 25 minutt i distriktet, skal me då godta at den er på 40 minutt? (I byområdet er krav til responstida 12 minutt)

Eksempel på gjennomsnittlege responstider i ulike deler av Hardanger:

- frå Ulvik er responstid i snitt på over 40 minutt, därlegast i Hardanger
- frå Granvin er responstid i snitt på 28,1 minutt.
- frå Eidfjord er responstid i snitt på 36,1 minutt.
- frå Kvam er responstida i snitt på 18,1 minutt.

(Ikke fått tal frå dei andre kommunane, derfor ikkje med her)

Legevaktordninga i Hardanger er no i gang, dvs at nattetid er det kun tilgjengeleg lækjarar i Odda og på Voss, gjer ikkje det behovet for lokalt bemanna ambulansar endå større?

Utifrå dette forventar me at det vert gjort tiltak for å bevare dei ambulansetenestene som er i dag som eit minimum, og godtek ikkje at fleire ambulansestasjonar forsvinn. Når ulukka først er ute, må denne tenesta vera eit minimum for å redda liv.

Me ute i distriktet er like viktige som menneska i byane. Helsa er den same, og burde vera like mykje prioritert uavhengig om du bur i by eller bygd! Faren er at denne omstruktureringa vil svekka distriktet, for ein vil ikkje bu på ein plass der helsa di ikkje er prioritert.»

Fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Trude L. Rinaldo

Konsulent Trude L. Rinaldo

post@hardangerraadet.no

www.hardanger.com